



HARDANGERBRUA  
www.hardangerbrua.no



# Årsmelding 2006

Hardangerbrua As vart stifta 8.januar 1987 av kommunane: Bergen, Eidfjord, Granvin, Kvam, Ullensvang, Ulvik, Voss.

## **Selskapet sin føremålsparagraf:**

*”Selskapets formål er bygging av bro over Hardangerfjorden”*

## **Hardangerbrua As har som visjon:**

- levande bygder i Indre Hardanger
- binde Hardanger saman
- skape éin region i Indre Hordaland
- betre tilhøva for trafikken aust-vest og nord-sør
- styrke banda mellom Bergen og Hardanger

## **Kort om historia til Hardangerbrua. Frå idé, til riksvegprosjekt til stamvegrute. Viktige milepelar.**

Forslag om tunnel frå Granvin til Vallavik og bru over Hardangerfjorden vart fyrste gong lansert av Aamund Bu, omtalt i Bergens Tidende 6.april 1938.

I samband med lineval for stamveg, står det i Stortingsmelding nr 104 (1973-74) at trafikken til/frå Bergen – Hardangervidda – Haukeli og Stavanger må få si løysing uansett stamvegval. Hardangerbru var eit aktuelt prosjekt, bygging måtte vurderast når prosjektet kunne løysast økonomisk.

I 1985 vedtok fylkestinget i Hordaland at overskot etter sal av konsesjonskraft kunne nyttast til investering i betring av kommunikasjonane i distrikta krafta vart produsert. Hardangerbrua vart tilgodesett med 70 prosent av inntektene frå salet.

Salet av konsesjonskraft gav små inntekter. For å få større fart i oppbygginga av brufondet måtte kommunane ta del i arbeidet.

Brunemd vart etablert i 1985 med Bergen, Granvin, Ullensvang, Kvam, Ulvik og Eidfjord kommunar.

- 1989 Innhenting av privat lånekapital frå næringslivet under DU-skattelova. Hardangerbrua var det einaste samferdsleprosjektet som fekk slik løyving.
- 1993 Samferdselsdepartementet gjev selskapet løyve til å krevje inn førehandsbompengar på ferjestrekninga Bruravik-Brimnes.
- 1994 Hordaland fylkeskommune kjøper 51 prosent av aksjane i Hardangerbrua A/S. Fylkestinget gjorde og vedtak om simpel garanti på NOK 685 mill.kr. (Sak 35/94)
- 1996 Den 8.mars sa dåverande samferdselsminister Kjell Opseth nei til Hardangerbrua, og ja til Folgefonntunnel og Trekantsamband.  
Den 10.juni slutta eit fleirtal i Stortinget seg til statsråden sin innstilling til Hardangerbrua  
Den 13.juni sa Fylkestinget i Hordaland ja til brua på nytt.
- 1997 Selskapet legg fram trafikkanalyse frå Berdal Strømme (seinare Norconsult) som syner trafikktalet for brua 2003 med ÅDT på 1725  
Fylkestinget desember 1997 ber administrasjonen og bruselskap om revidert kostnadsoverslag.
- 1998 Bruselskapet oversender nytt grunnlag til handsaming i fylkestinget oktober 1998. I Vedtaket opna for innhenting av anbudsgrunnlag.
- 1999 Vegdirektøren meinte at det ikkje var rett rekkefølge å be om anbod så tidleg i prosjektfasen. I staden laga Bruavdelinga i Vegdirektoratet ny oppdatering av tekniske føresetnader og kostnadsanalyse. Dette synte at eit komplett bru-prosjekt med tilførslesvegar ville koste NOK 1.280 mill. Vegdirektoratet fann ingen innvendingar mot plangrunnlaget for prosjektet.
- 2000 Hardangerbrua øvst på Hordaland fylkesting si liste over prosjekt på "Øvrige riksvegar".
- 2001 Hordaland fylkesting finn rom for til saman NOK 150 mill til Hardangerbrua i rammeløyvingar innafor Nasjonal Transportplan: NOK 125 mill i perioden 2005-2011, og 25 mill i fylgjande periode. Fylkestinget ber om oppdatert plangrunnlag for Hardangerbrua, basert på Plan- og bygningslova som avløyste Veglova. Lova krev Konsekvensutgreiing av prosjekt med kostnad over NOK 400 mill. Stoltenberg-regjeringa og Bondevik II-regjeringa er samd med fylkestinget, og det same er Samferdselskomiteen desember 2001.
- 2002 KU-arbeidet startar opp.  
Regjeringa Bondevik II gjer framlegg om at Rv13 frå Voss til Jøsendal via Odda, skal bli stamveg. Stortinget sluttar seg til framlegget. Dermed blir Hardangerbrua som ein del av Rv13 eit prosjekt på det norske stamvegnettet.
- 2003 Samferdselsminister Torhild Skogsholm kom til Hardanger og Hallingdal i januar. På grunn av uvêr på Hardangervidda vart turen lagt om og gjekk direkte til Geilo. Ministeren kom attende til Voss og Hardanger i november og fekk for første gong innblikk i resultatane av KU-arbeidet. Endeleg KU-rapport vart presentert februar 2004.
- 2004 Konsekvensutgreiing og reguleringsplanar er godkjente i slutten av året. Bompengesøknad vert utarbeidd og etter godkjenning i kommunale og fylkeskommunale organ oversendt Statens vegvesen region vest.
- 2005 Stortingsproposisjonen for brua vart godkjent i statsråd 7.oktober og oversendt Stortinget.
- 2006 Stortinget vedtek den 28.februar bompengesøknaden for brua. Berre eit par dagar etterpå inngår styret avtale med DnB NOR om rentesikring og låneopptak for prosjektet iflg. stortingsproposisjonen. Dermed ligg alt til rette for å byggja Hardangerbrua.

# Årsmøte

Ordinær generalforsamling vart halde hjå Hordaland Fylkeskommune, den 6.april 2006.  
Handsama vanlege årsmøtesaker som godkjenning av årsmelding og rekneskap. Heile styret med varamedlemmer vart attvald.

## Styresamansetjing

Frå fylkeskommunen:	Einar Lutro, leiar Magnar Lussand Torill Vebenstad Gunnar Bakke
Frå Bergen kommune:	Hans Edvard Seim
Frå Voss og Hardanger:	Bjørn Christensen Solfrid Borge

## Personlege varamedlemmer

Frå fylkeskommune:	Bjarte Tolås som personleg vara for Gunnar Bakke Elisabeth Risnes som personleg vara for Einar Lutro Bente Bondhus som personleg vara for Magnar Lussand Hans Erik Ringkjøb som personleg vara for Torill Vebenstad
Frå Bergen Kommune:	Anne Gine Hestetun som personleg vara for Hans Edvard Seim
Frå Voss og Hardanger:	Astrid Selsvold som personleg vara for Bjørn Christensen Ola B. Hereid som personleg vara for Solfrid Borge

## Styreleiing

Einar Lutro tok over som styreleiar etter omframt årsmøte 10.februar 2004. Og har med nemninga arbeidande styreleiar overteke funksjonen både til styreleiar og dageleg leiar. Det er inngått avtale om økonomisk kompensasjon mellom styret og Einar Lutro.  
Kontor- og forretningsadresse er Lofthus i Ullensvang Herad.

## Styremøter

Styret har hatt 6 ordinære møte, og handsama 45 saker i løpet av året.

# Aktiviteten i selskapet

Året 2006 vart året Stortinget vedtok at Hardangerbrua skulle byggjast. Etter mange år med planleggjing, utgreiing og ikkje minst politisk påvirkning vart brua endeleg vedteken i Stortinget med stort fleirtal. D.v.s. alle parti røysta for å byggja brua, men FRP ville finansiera prosjektet utan bruk av bompengar. Aksjonskomiteen for brua arrangerte storstilt feiring i Oslo der mange tilreisande hardingar fekk takka sentrale politikarar for innsatsen.

## 1.1 NYE FAKTA

Som følge av arbeidet med ”nye” Hardangerbrua har Statens vegvesen til no gitt informasjon om

- brua vert flytta nokre meter mot sør ved Vallavik. Dermed vert brua 1310 meter; 15 meter kortare enn det opprinnelege forslaget.
- Tilførslevegane på begge sider vert lagt i tunnel og ikkje på viadukt. Dette gjer inngrepet i fjordlandskapet langt mindre, men kostnadene vert noko større på tilførslevegane enn føresett.
- Vegen mot Eidfjord vil gå i dagen, langs eksisterande veg.

## 1.2 KONSEKVENsutGREIING

Prosjektet Hardangerbrua har vore til konsekvensutgreiing i Statens vegvesen, region vest. Bakgrunnen for dette, er vedtaket i Hordaland Fylkesting juni 2001, at Hardangerbrua kostar over 400 mill NOK. Dette slutta både Stoltenberg- og Bondevik II-regjeringa opp om, og jamvel Stortinget gav sin tilslutnad til dette i desember 2001. I februar 2002 starta Statens vegvesen region vest opp arbeidet. Og 1.november 2004 vart konsekvensutgreiinga godkjent i Vegdirektoratet.

## 1.3 REGULERINGSPLANAR

Parallelt med konsekvensutgreiinga er det arbeidt med reguleringsplanar i dei berørte kommunane Ulvik, Eidfjord og Ullensvang. Desse vart godkjente på slutten av året 2004.

## 1.4 FINANSIERING AV ”NYE” HARDANGERBRUA

Det har vore arbeidt med finansieringa av brua etter at KU-materialet vart offentleggjort i februar 2004. Frå ei kalkyle med statleg medverknad slik tala såg ut ved inngangen til 2004, arbeider bruselskapet og Hordaland fylkeskommune med ei finansieringsskisse som gjer at brua kan byggjast med svært lite eller heilt utan statleg medverknad. Finansieringsskisse basert på desse forutsetningar vart godkjent av Hordaland Fylkesting i Ulvik 9.juni 2004.

Finansieringsskissa er endra fleire gonger seinare. Sist i proposisjonen som er framlagt av regjeringa. Økonomisk styringsramme er no sett til kr. 1810 mill.

## 1.5 BOMPENGESØKNAD

I fylkestingsmøte 9.juni fekk styret i oppdrag å utarbeida ein ”*bompengesøknad med grunnlag i det aktuelle opplegget for fullfinansiering av Hardangerbrua*”. Ein slik søknad dags. 10.11.04 er handsama av aktuelle kommunar, regionvegsejef og til sist godkjent av fylkestinget 15.12.04.

## 1.6 POLITISK HANDSAMING SENTRALT

I Nasjonal Transportplan har eit fleirtal av alle parti unnateke SV ein merknad som lyder:

*”Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Sosialistisk Venstreparti, viser til at det i statsbudsjettet for 2002 vart gjort greie for at ev. prioritering av Hardangerbrua ville verta vurdert i samband med rulleringa av NTP. Slik vurdering ligg ikkje føre.*

*Fleirtalet ber om at saka om utbygging og finansiering vert lagt fram for Stortinget så snart som mogeleg.*

*Fleirtalet føreset at alle kostnadene til nødvendige utbyggingar og utbetringar av tilknytingsvegar vert gjort greie for i samband med saka.”*

Den 7.oktober 2005 vart proposisjon om bygging av Hardangerbrua lagt fram av Bondevik II regjeringa og vedteken i statsråd same dagen. Den nye regjeringa Stoltenberg II, slutta seg til proposisjonen som dermed vart vedteken i Stortinget 28.februar 2006 med stort fleirtal.

Vedtaket betyr at frå å vera eit pådrivingselskap, går Hardangerbrua AS over til å verta eit bompengeselskap. Vedtaket lyder:

### *I*

*”Stortinget samtykkjer i at bompengeselskapet Hardangerbrua AS får løyve til å ta opp lån til å forskottere bygginga av rv 7/rv13 Hardangerbrua og til å krevje inn bompengar til delvis bompengefinansiering av utbygginga etter vilkåra i denne proposisjonen.*

### *II*

*Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med bompengeselskapet og fastsetje nærare reglar for finansieringsordninga. Avtalen må vere underskriven før innkrevjinga startar.”*

Den 4.april vart ”Avtale mellom Statens vegvesen og Hardangerbrua AS”(bompengeavtalen) underteikna av styreleiar og vegdirektør.

## Økonomi

Selskapet har så langt tært på selskapet sin frie eigenkapital. Restsaldo av desse midlane var ved årskiftet kr. 714.132,89 plassert i Sparebanken Hardanger. Frå juni er det sett i gang innkreving av førehandsbompengar på ferja Brimnes – Bruravik i tråd med finansieringsplan i stortingsproposisjonen. Innkrevd beløp pr. 31.12.06 var kr. 6.347.627,-. I tillegg er det frå eigarkommunane innbetalt pr. 31.12. kr. 116.061.106,87. Konesjonskraftmidlane som er plassert i DnB NOR kapitalforvaltning og Obligasjonsforetaket II viser kr. 145.546.930,47 etter at vegvesenet har rekvirert ut kr.12.0 mill. Selskapet har også oppretta driftskonto i DnB NOR som viser saldo kr. 5.414.703.28. Saldo på konti som pr. 31.12.2006 er stilt til råvelde for brubygging er **kr. 267.736.873,51**

Rekneskapan for 2006 er gjennom året ført av arb.styreleiar. Mens årsrekneskapan er sett opp av Hardanger Økonomiservice AS. Den viser årsresultat for Hardangerbrua A/S - kr 717.723,-. Av dette utgjer styrehonorar og møtegodtgjersle kr. 304.152,-.

Dei kommunale og fylkeskommunale fondsavsetningane auka med avkastning og salsoverskot i 2006. Av same fondet vart det i 3.og 4. kvartal rekvirert ut til saman kr.12,0 mill av vegvesenet.

Hordaland fylkesting har tidlegare gjort vedtak om at 70% av overskotet frå sal av konsesjonskrafta i 10 år skal gå til Hardangerbrua. I desember vedtok fylkestinget likevel å avgrensa desse overføringane med eit tak. Fylkestinget har til nå lånt ut desse pengane til selskapet, Jfr.låneavtale dags. 2.mars 2004. Ein tek no sikte på å gjera denne avtalen om til tilskot. Vidare har fylkestinget vedteke at 25 % av kompensasjonsmidlane for auka arbeidsgjevaravgift i Hardanger skal tilfalla Hardangerbrua.

Når det gjeld dei innbetalte kommunale fondsmidlane legg ein opp til at desse i framtida skal overførast til bruselskapet.

Totale forpliktingar frå fylket og eigarkommunane utgjer såleis til saman **kr. 528.750.000,- + renter.**

Når det gjeld dei framtidige bompengane(etterskotsinnkrevinga) har selskapet inngått ein låneavtale for desse pengane med rentesikring(swapavtale) den 2.mars på fastrente 4,31 % i DnB NOR iflg. stortingsproposisjonen.

Selskapet sin driftsøkonomi og klare mandat i frå fylkestinget i Hordaland og frå dei andre eigarane, gjer at selskapet har alle føresetnader for framhald av drifta.

## **Miljøverknad**

I høve selskapet sin formålsparagraf er oppgåva å syte for at Hardangerbrua blir bygd. Selskapet har inga produksjon med utslepp til det ytre miljø.

## **Ymse**

Med omsyn til andre økonomiske tilhøve, syner vi til årsoppgjeret som etter styret si oppfatning gjev fullnøyande informasjon om drifta i selskapet og om stoda ved årsskiftet. Det har heller ikkje etter årsskiftet skjedd noko som verkar inn på vurderinga av selskapet sin økonomiske situasjon.

Lofthus, den 12.mars 2007

Einar Lutro (styreleiar)

Gunnar Bakke

Solfrid Borge

Bjørn Christensen

Magnar Lussand

Hans Edvard Seim

Torill Veбенstad

# **Årsrekneskap 2006 for Hardangerbrua AS**

**Foretaksnr. 942032757**

## **Utarbeid av:**

Hardanger Økonomiservice AS  
Autorisert rekneskapsførarselskap  
Postboks 40  
5786 EIDFJORD  
Rekneskapsførarnummer 986173943

## Resultatrekneskap

	Note	2006	2005
<b>DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
<b>Driftsinntekter</b>			
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Lønnskostnad	1	304 152	287 236
Anna driftskostnad	1	414 904	394 972
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>719 056</b>	<b>682 208</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>(719 056)</b>	<b>(682 208)</b>
<b>FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
<b>Finansinntekter</b>			
Anna renteinntekt		1 333	31 093
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>1 333</b>	<b>31 093</b>
<b>NETTO FINANSPOSTER</b>		<b>1 333</b>	<b>31 093</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>(717 723)</b>	<b>(651 115)</b>
<b>OVERFØRINGER OG DISPONERINGAR</b>			
Overføring anna eigenkapital		(717 723)	(651 115)
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>		<b>(717 723)</b>	<b>(651 115)</b>

## Balanse pr. 31.12.2006

	Note	31.12.2006	31.12.2005
<b>EIGEDLAR</b>			
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>			
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Obligasjonar mv	2	145 546 930	151 454 654
Tildelte ikkje utbetalte tilskot	3	379 681 484	0
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>525 228 414</b>	<b>151 454 654</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>525 228 414</b>	<b>151 454 654</b>
<b>OMLØPSMIDLAR</b>			
<b>Fordringar</b>			
Andre fordringar		624 257	20 000
<b>Sum fordringar</b>		<b>624 257</b>	<b>20 000</b>
Bankinnskot		6 128 837	1 431 957
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>6 753 094</b>	<b>1 451 957</b>
<b>Sum eigedelar</b>		<b>531 981 508</b>	<b>152 906 611</b>
 <b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>EIGENKAPITAL</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Aksjekapital 15 aksjar a kr 10 000	4	150 000	150 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>150 000</b>	<b>150 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Anna eigenkapital		584 234	1 301 957
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>584 234</b>	<b>1 301 957</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>734 234</b>	<b>1 451 957</b>
<b>GJELD</b>			
<b>LANGSIKTIG GJELD</b>			
<b>Avsetning til forpliktingar</b>			
Tildelte tilskot	5	524 899 647	151 454 654
Forskotsinnbetalte bompengar	6	6 347 627	0
<b>Sum avsetning til forpliktingar</b>		<b>531 247 274</b>	<b>151 454 654</b>
<b>SUM LANGSIKTIG GJELD</b>		<b>531 247 274</b>	<b>151 454 654</b>
<b>SUM GJELD</b>		<b>531 247 274</b>	<b>151 454 654</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>531 981 508</b>	<b>152 906 611</b>

Lofthus 7. mars 2007

Einar Lutro  
Styreleiar

Margnar Lussand  
styremedlem

Hans Edvard Seim  
styremedlem

Solfrid Borge  
styremedlem

Torill Veбенstad  
styremedlem

Bjørn Christensen  
styremedlem

Gunnar Bakke  
styremedlem

## Notar 2006

### **Rekneskapsprinsipp:**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med lov og god reknekapsskikk. Dei unnataksreglane som gjeld for små føretak er nytta der ikkje anna er spesifisert i notane.

### **Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld**

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som fell til betaling innan eitt år etter siste dag i rekneskapsåret. Omløpsmidlar bli vurdert til lågaste verdi av kostpris og antatt verkeleg verdi (Lågaste verdi prinsipp).

### **Anleggsmidlar og langsiktig gjeld**

Anleggsmidlar omfatter eigendelar bestemt til varig eige og bruk for verksemda. Anleggsmidlar er vurdert til kostpris. Varige driftsmidlar blir ført opp i balansen og avskrivne over den forventede økonomiske levetida. Varige driftsmidlar blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som er av ikkje forbigående art. Nedskrivinga blir reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

### **Førehandsbompengar**

Selskapet krev inn førehandsbompengar på ferjestrekningen Brimnes Bruravik. Desse inntektene er å sjå på som forskotsinnbetalningar som skal dekke framtidige kostnader og vert derfor bokførte som gjeld. Førehandsbompengane vil bli innteksførte over innkrevingsperioden.

### **Prosjektkostnader/aktivert innkrevingsrett**

Prosjekt og finanskostnader i byggjeperioden -som overstig mottekne offentlege tilskot - blir aktivert under posten aktivert innkrevingsrett. Prosjektkostnader blir utbetalt til Statens Vegvesen som er byggherre og brueigar. Hardangerbrua AS skal finansiera brubygginga.

Hardangerbrua AS har ei avtale med Staten Vegvesen om at selskapet kan krevja inn bompengar i ein periode på 15 år. Frå brua vert teken i bruk skal innkrevingsretten avskrivast over innkrevingsperioden på 15 år.

### **Finansielle instrument**

Selskapet har inngått ein rentebyteavtale (renteswap) med DnB NOR som sikrar selskapet maksimalt 4,31% rente i låneperioden fra 21.03.2009 til 30.09.2024 og omfattar lån opptil kr 1368 mill.

Overskotslikviditet er plassert i renteobligasjonar med låg finansiell risiko.

### **Endring i regnskapsprinsipp**

Frå rekneskapsåret 2006, då endeleg vedtak om bygging av Hardangerebrua vart gjort 28. februar 2006, har selskapet starta å bokføre alle dei tildelte ikkje utbetalte offentlege tilskota. I føregående år har berre det som har vore faktisk utbetalt blitt bokført.

### **Skatt**

Selskapet er friteken frå skattlegging fordi selskapets føremål ikkje er økonomisk vinning for aksjonærene.

## Note 1 - Lønskostnad

Hardangerbrua AS har hatt ein person tilsett i heile 2006

Spesifikasjon av lønskostnader	I år	I fjor
Løn	283 355	261 000
Arbeidsgjevaravgift	20 797	26 236
Pensjonskostnader	0	0
Anna personalkotnader	0	0
<b>Totalt</b>	<b>304 152</b>	<b>287 236</b>

## Ytelser til leiande personar og revisor

Dagleg leiar	240 000
Styremedlem	43 355
Bedriftsforsamling	0
Revisjonshonorar:	
Revisjon	10 000
Andre tenester	0
Samlet honorar til revisor	10 000

Selskapet er ikkje pliktig til å etablere obligatorisk tjenestepensjon.

## Note 2 - Obligasjonar mv

Selskapet har plassert delar av dei utbetalte tilskota i renteberande obligasjonar. Avkastninga for 2006 har vore kr 5 740 000.

## Note 3 - Tildelte ikkje utbetalte tilskot

Beløpet utgjør den delen av offentlege tilskot som er politisk vedtekne, men ikkje innbetalt til selskapet.

## Note 4 - Aksjekapital

Selskapets aksjekapital består av 15 aksjer pålydende kr 10 000. Alle aksjane har lik stemmerett på generalforsamlinga. Selskapet aksjonærer er:

Aksjonær	Antall	Andel
Hordaland Fylkeskommune	8	53,33 %
Bergen Kommune	1	6,67 %
Eidfjord Kommune	1	6,67 %
Ullensvang Herad	1	6,67 %
Ulvik Herad	1	6,67 %

Kvam Herad	1	6,67 %
Voss Kommune	1	6,67 %
Granvin Herad	1	6,67 %
Sum	15	100,00 %

## Note 5 - Tildelte tilskot

Hardangerbrua AS er tildelt offentlege fylkeskommunale og kommunale tilskot. Tilskota er ein del av finansieringsplanen for Hardangerbrua. Avtalen med Staten Vegvesen bestemmer at desse tilskota skal utbetalst før innkrevde bompengar. Posten aktivert innkrevjingsrett vil derfor først oppstå når utbetalingane til Statens Vegvesen overstiger dei tildelte tilskota.

År	Tildelt tilskot	Utbet Statens Vegvesen	Rest tilskot
2006	536 899 647	(12 000 000)	524 899 647
Sum	536 899 647	(12 000 000)	524 899 647

Tildelte tilskot omfattar alle tilskot tildelt også i tidlegare år.

## Note 6 - Forskotsinnbetalte bompengar

Forskotsinnbetalte bompengar blir bokførde som avsetning til forplikting i byggjeperioden. Desse blir inntektsførd frå brua blir teken i bruk og over innkrevingsperioden på 15 år.